

## HEI ALLE LAG, VELKOMNE TIL VOSS HANDBALLCUP 2026

Kampoppsett for turneringa er lagt ut på Profixio. Følg med på eventuelle **endringar som kan koma heilt fram til cupdagen**. I år er det 76 lag med jenter og gutar i klassane 9 til 12år. Me har dagscup på sundagen kl 09:00-13:30 for alder 6-8 år, dei spelar på Voss ungdomsskule. Hovudturneringa vert gjennomført i Voss idrettshall (*hallen*) og på Voss Gymnas. Kampane vert spela fredag frå kl 16:30 – 21:50, laurdag kl 07:30 – 20:50 og søndag kl 07:30 – 14:30. Under Voss Handballcup utdannar me eigne dommarar. Me oppmodar om at trenarar, lagleiarar og foreldre tek omsyn til dette under kampane. Dei brukar grøn fløyta.



Det er tett program og difor viktig at alle møter i god tid til kampar for å unngå forseinkingar.

**Hugs å starta turneringa med å sjekka inn i Voss idrettshall.**

Overnatting vert på Voss ungdomsskule og Voss Gymnas. All matserving i regi av cupen vil skje på Voss Gymnas. Det er IKKJE parkering ved Voss Ungdomsskule. Det er offentlig parkering fleire stader i sentrum, i Voss Parkeringshus (Vossapark), ved Voss gymnas og Voss idrettshall. Det er ei god løysing å reisa til cupen med tog eller buss til Voss. Kart over området finn de lengre nede i dokumentet.

### FORSVARREGEL:

For klassane 2016-2014 (9-11 år) gjeld forsvarsregel i vedlegg 3, alt forsvarsspel skal vera ball- og ballbaneorientert. Lagleiar og trenar er ansvarleg for at sitt lag fylgjer dette, og dommar/fairplayvakt fylgjer med.

### FYRSTEHJELP:

Alle lag må ta med seg tape og isposar sjølve.

### AVFALLSSORTERING:

I 2026 vil Voss handballklubb i samarbeid med Ragn-Sells sortera avfallet med produserear på vår cup for eit bedre fotavtrykk og eit betre miljø, takk for at du sorterar ditt avfall. Me sorterar i 4 fraksjonar, restavfall, plast, papp og matavfall. Sjå meir info i vedlegg 2, me ber om at lagleiar syt for at sitt lag bidreg for miljøet.

### BETALING:

All betaling skjer gjennom Profixio. Dersom de har problem, send e-post til [vhc@vosshk.no](mailto:vhc@vosshk.no)  
Alle med deltakarkort har gratis inngang i hallen, medan alle andre må betale inngang i hallen.

### INNSJEKK:

All registrering/ innsjekk skjer i sekretariatet i Voss idrettshall. Der vil de få informasjon om overnatting, og me deler ut deltakarkort og premiar lagvis. Same stad må de avtala tidspunkt for bading i Vossabadet for dei som har bestilt dette gjennom Profixio (sjå meir info i neste punkt). Me opnar for registrering i hallen kl 15:30 fredag, og ein kan sjekke inn på skulane frå kl 17:00 fredag. Det vil vera sekretariat i gangen i hallen under heile turneringa. Dei vil hjelpa med spørsmål kring turneringa.

### DISKOTEK:

Laurdag kveld kl 19:30-22:00 er det diskotek i Vangsgryto (kart lengre nede). Kwart lag må ha med ansvarlege vaksne.

### OVERNATTING:

Overnatting er inkludert for dei som har kjøpt B - kort. Det vert overnatting i klasserom ved Voss Ungdomsskule og Voss Gymnas. Det er berre lov **med enkle oppblåsbare madrasser**, elles vert det ikkje plass til alle i klasseromma. Fordeling mellom skulane skjer på bakgrunn av plassbehov. Det er ikkje lov å laga mat på skulane, eller nyta alkohol eller andre rusmiddel. Det vil vera kontinuerleg vakthald på alle overnattingsstadane. Ytterdøra vert låst når siste kamp er ferdig, vaktene sit ved/nær inngangsdøra. **Utsjekk frå rom skal skje seinast søndag klokka 11:00**. Klasseromma skal vera rydda og pultane skal på plass før avreise. Ta bilete av klasserommet når de kjem, så veit de korleis pultane skal stå. **Det er strengt forbode med bruk av ball inne på skulane.**

## MAT:

Alle med deltakarkort vil få servert middag laurdag (kl 15-18). Dei med B-kort vil i tillegg få servert frukost laurdag og søndag frå klokka 07 - 10. Det er mange som skal få servert frukost og middag, så det vert kø. For å redusera ventetida, er det fint om alle ryddar etter seg og går ut av kantina så fort dei har ete seg mette. Hugs å ta med deltakarkorta (armbånd) for kontroll. Det er ikkje nistepakke med i frukosten.

Det vil også vera kiosk/kafè i hallen. Der sel me frukt, nudlar, vafler, bollar, pøiser, kaffi, brus, vatn og snop. Det vil vera mogleg å kjøpa hamburger, pommefrites og pølse i mattelt utanfor Voss Idrottshall. For dei som vil handla mat sjølv er næraste butikk Kiwi i Utrågata, som ligg 3 min gange frå Voss ungdomsskule, og 5-6 min frå Voss idrottshall. Den er open frå kl 7-23 fredag og laurdag. Om nokon har særskilte behov på matfronten, gje beskjed snarleg på [vhc@vosshk.no](mailto:vhc@vosshk.no).

## BADING:

Me tilbyr også bading i Vossabadet i år. For at Vossabadet skal ha kontroll på kor mange som badar samstundes, **må** de skriva dykk på lister i cup-sekretariatet i hallen, og IKKJE møta opp direkte i Vossabadet. De får 1 gratis besøk i badet på deltakarkortet. Dersom de ynskjer fleire turar må de betala for det sjølve. **Reglar:** Vossabadet krev at det er 1 vaksen pr 3 barn, desse vaksne går inn gratis. Dei «gratis vaksne» må ha på badeklede og vera i bassenget. Dei vaksne har ansvar for at deira gruppa dusjar nakne før bading, er effektive i garderoben og held badetida, slik at alle får nytta si badetid. Dersom det er fleire vaksne som vil vera med og bada, må dei betala vanleg pris ved inngang. Laget har sjølv ansvar for å stilla med nok vaksne. Spelarar som er fylt 12 år, og kan symja, kan bada aleine.

**Born og ikkje-symjedyktige**

- 10**  
HAR DU VÅTKORT, SÅ KAN DU BADA ÅLEINE PÅ EIGE ANSVAR
- 12**  
ER DU 12 ÅR OG SYMJEDYKTIG KAN DU BADA ÅLEINE
- BORN UNDER 12 ÅR MÅ HA FYLGJE AV SYMJEDYKTIG VAKSEN - OG VERA UNDER OPPSYN I VATNET HEILE TIDA
- MAKS 3 BORN ELLER IKKJE-SYMJEDYKTIGE PER VAKSEN
- HOVED- OG STUPEBASSENG ER KUN FOR SYMJEDYKTIGE

## God cupstemning

Me ynskjer god stemning på tribunane og rundt arena gjennom helga, men lydeffektar med ekstremlyd som forstyrar spelarar/trenarar/publikum vert fjerna av Fairplayvakt utan varsel. Gassfløyter og megafon er ikkje lov å bruka i hallene. Me ynskjer ikkje høgtalar/lydeffektar på benken, men heiarop og støynivå etter Fairplay standard er velkome

Kari Traa Brandstore og Skandinavisk Høyfjellsutstyr stiller med salstelt ved Voss idrottshall under cupen.

Eleva frå frisørlina ved Voss Gymnas kjem på besøk og tilbyr fletting for dei som ynskjer dette.

Køyr forsiktig og velkomne til cup!

Med venleg helsing  
Voss Handballklubb

## VEDLEGG:

1. Tidsskjema og kart
2. Informasjon om avfallssortering
3. Regel forsvarsspel
4. Rabatt hjå våre samarbeidspartnarar


## Vedlegg 1

### VOSS HANDBALLCUP 2026

Kva skjer, kor tid og kor:

| Kva                                | Kor tid  | Kor   |
|------------------------------------|--|---|
| Innsjekk og utlev. av deltakarkort | Frå kl.15.30<br>(skulane er klare frå kl. 17.00)                     | I Cupsekretariatet i inngangen i Voss Idrettshall |
| Frukost laurdag                    | Kl. 07.00 – 10.00  | Kantina på Voss Gymnas                            |
| Middag laurdag                     | Kl. 15.00 - 18.00  | Kantina på Voss Gymnas                            |
| Bading                             | Fredag 18.30 - 21.00<br>Laurdag 11.00 – 18.00<br>Sundag 11.00 -18.00 | Vossabadet  |
| Diskotek                           | Laurdag kl.19.30 – 22:00   | Vangsgryto i kjellaren i Sosialbygget             |
| Frukost sundag                     | Kl. 07.00 – 10.00  | Voss Gymnas                                       |
| Utsjekk                            | Sundag innan kl. 11.00   | Kontakt vaktane på overnattingsstaden             |

### Kart over turneringsområdet



## Vedlegg 2



### Informasjon om avfallssortering

I samarbeid med Ragn-Sells sorterer me i desse 4 fraksjonane på Voss handballcup. Du gjer ein viktig jobb for miljøet med å hjelpa oss å halda cupen rein og ryddig.



<https://www.ragnsells.no/tjenester/kildesortering/sorteringsguide/blandede-avfallstyper/blandet-avfall/>

<https://www.ragnsells.no/tjenester/kildesortering/sorteringsguide/vatorganisk-avfall/matavfall/>

<https://www.ragnsells.no/tjenester/kildesortering/sorteringsguide/plast/plastfolie-emballasje/>

<https://www.ragnsells.no/tjenester/kildesortering/sorteringsguide/papir-papp-kartong/papp/>

## Vedlegg 3

### Regel forsvarsspel

#### Regel 5: Spilleregulerende regler

**5:1** Omgangen starter med avkast fra banens midtpunkt etter loddtrekking.

**5:2** Det foretas utkast fra målvakt dersom:

1. en motspiller beveger seg innenfor målfeltet med eller uten ball, og oppnår en fordel av dette
2. målvakten har kontroll over ballen i målfeltet, eller at den ligger stille i målfeltet
3. en motspiller berører en ball som befinner seg i målfeltet
4. ballen har passert kortlinjen etter å sist ha vært borti målvakten på det forsvarende laget eller en spiller på motstanderlaget

Etter scoring settes ballen i gang ved at målvakten foretar et utkast fra målfeltet.

**5:3** Innkast dømmes når hele ballen har passert sidelinjen, eller når den har passert kortlinjen og sist ble berørt av en utespiller fra det forsvarende laget.

Innkastet utføres fra stedet ballen passerte sidelinjen, eller i hjørnet på den siden av målet hvor ballen passerte kortlinjen.

**5:4** Alt forsvarsspill skal være ball- og ballbaneorientert.

**5:5** Reglene om ballbehandling (maks. tre skritt med ballen og maks. holde ballen i tre sekunder) håndheves **kun** når spillerne har hatt vesentlig fordel av dette.




**5:6** Reglene om forholdet til motspiller håndheves.

#### **NHF-kommentar til 5:**

*Det er et mål at hver enkelt spiller skal ha mange ballkontroller. Gjentatte kontringer og/eller stor dominans fra én enkelt spiller bør derfor begrenses.*

*Hensikten med at forsvarsspillet skal være ball- og ballbaneorientert er at de yngste skal jobbe aktivt for å erobre ballen i forsvar.*

## Vedlegg 4 Gode tilbud under Voss Handball Cup

| Samarbeidspartner  | Kontaktinfo                | Rabatt   |
|--|----------------------------|--|
| <p>Voss Bowling</p>  <p><b>VOSSBOWLING</b></p>  | <p>Post@vossbowling.no</p> | <p>50%<br/>førehandsbestilling<br/>20% drop in</p> <p>Ved<br/>førehandsbestilling:<br/>"vosshåndballcup26"</p> |
| <p>Skandinavisk Høyfjellsutstyr</p>  <p><b>skandinavisk</b><br/>HØYFJELLSUTSTYR</p> <p><b>Vestlandets beste utstysbutikk?</b></p> <p>Bergsliplass 2, Voss</p>       | <p>SHU@voss.no</p>         | <p>Salstelt ved Voss<br/>idrottshall under<br/>cupen- gode tilbud</p>  |
| <p>Kari Traa Brandstore</p>  <p><b>KARITRAA</b><br/><b>Butikken</b></p> <p><b>VOS2</b> Brand<br/>Store<br/>Skulegata 6</p> <p><b>BULA</b></p> <p><b>DEHLIE</b></p> | <p>SHU@voss.no</p>         | <p>Salstelt ved Voss<br/>idrottshall under<br/>cupen- gode tilbud</p>  |
|  |                            |  |